



Nordahl Bruns gate 22 kan vera verd 120 millionar kroner om nokre år. Foto: Ottar Fyllingsnes

Den bitre kampen om arvesølv

Bygarden i Nordahl Bruns gate er arvesølv til bygdelaga i hovudstaden, og difor er det full strid om han.

Bakgrunn

BYGDELAGS-SAMSKIPNADEN (BLS)

- Oslo Fylkeslag, skipa i 1923, skifta i 1967 namn til Bygdelagssamskipnaden.
- Bygdelagssamskipnaden er fylkeslag for lag og ringar i Oslo.
- BLS eig Nordahl Bruns gate 22 og leiger ut 45 hyblar.
- Rekordmange medlemmer i 1946 med 5170.
- BUL er det største laget, no med om lag 700 medlemmer.
- 1971: 24 bygdelag med, i dag 18.
- BLS har i dag om lag 1305 medlemmer.

LAG I BLS

- Asker folkedanslag
- Bondeungdomslaget i Oslo
- Bygdelagskoret
- Frøy
- Hallinglaget
- Hardinglaget
- Hordalaget
- Håløyglaget
- Numedalslaget
- Oslo Songdanslag
- Rundsnuen Danselag
- Sogn og Fjordanelaget
- Folkedanslaget Symra
- Sørlandslaget
- Telelaget
- Valdreslaget
- Barnelaget

NORDAHL BRUNS GATE

OTTAR FYLLINGSNES
ottar@dagogtid.no

Bygdelaga kjøpte bygarden i si tid for 152.000 kroner, men om nokre få år er han truleg verd 120 millionar kroner.

Det store spørsmålet i denne striden er om Olav Thon, milliardæren frå Hallingdal, prøver å lura ein verdfull eigedom frå fattige bygdelag, eller om han er ein idealist som vil bruka litt av formuen sin for å støtta ei sak han tykkjer om.

Tysdag neste veke skal framtida til den legendariske Heimen avgjerast på årsmøtet i Bygdelagssamskipnaden, og det er snakk om to alternativ: Skal ein takka ja til ei varsam satsing med fleire millionar i støtte frå mangemilliardæren Olav Thon, eller skal ein satsa stort på ei offensiv framtid i regi av Bondeungdomslaget (BUL) ved Bøndenes Hus?

Bygarden i Nordahl Bruns gate 22 er ingen staseigedom, men vert rekna som både solid og god. Bygningen har ei lang historie, og det kan vera verdt å minna om litt av den.

I det førre hundreåret kom mange gitarar til hovudstaden for å få utdanning eller for å tena til salt i grauten – og kanskje gjera karriere. Dei fleste hadde neppe vore i storbyen før, men i Heim for landsungdom i Nordahl Bruns gate 22 i hovudstaden

kunne dei krypa oppi si første storbyseing.

Mange nordmenn har ei fortid på Heim for landsungdom. Somme har budd der eitt år eller to, andre har vore der på fest i Storsalen, Halli eller Blåsalen. Der har dei spela, dansa og sunge, og mange har gode opplevingar derifrå.

PASSE NAIV

Dei fleste som flytta inn på Heimen, kan fortelja pussige historier frå Nordahl Bruns gate, og fleire av dei skulle verta store eller små stjerner på den nasjonale kulturhimmelen.

I 1996 vart Nils Aas Kunstverksted opna på Inderøy i Nord-Trøndelag. Der fortalde bilethoggaren om då han i 1954 kom til hovudstaden for å byrja på Kunst- og Handverksskolen:

«Eg hugsar den morgonen eg kom til Oslo med nattoget. I Nordahl Bruns gate var alt stengt klokka sju. Eg sette kofferten på fortauet og nytta høvet til å sjå meg rundt. Det var nok å sjå på, og eg kom ikkje tilbake før ut på dagen. Kofferten stod framleis på same staden. Eg var på ingen måte overraska. Det var slik det skulle vera. Frå Inderøya var eg van til opne dører. Eg var nok passe naiv», fortalde den kjende bilethoggaren, som fekk bu på Heimen i to år.

Skodespelaren Jon Eikemo flytta inn vinteren

«Det vart gjort vedtak om at jazzmusikk skulle vera forbode i bygarden»
Bygdelagshistoria



Er mangemilliardæren Olav Thon ein luring, eller er han oppriktig oppteken av å hjelpa Bygdelagssamskipnaden?

1958, og han opplevde det slik:

«Der var det eit stort utval i kling heimanfrå – strikkejaker, tøflar og godgutar frå Valdres. Blant dei andre var kvedaren Talleiv Røyseland og felespelaren Kjetil Løndal. Eg budde like over inngangen. Det strøynde trekk opp gjennom golvet, og det var skrekkeleg kaldt. Den første tida torde eg ikkje å gå ut. Eg var redd for å rota meg vekk, og det gjorde eg dei første gongene. Eg fann ikkje vegen til postkontoret, der eg arbeidde, og eg fann ikkje vegen heim att.»

KJØPTE BYGARD

Bygarden i Nordahl Bruns gate var lenge populær både som hybelhus og forsamlingshus, men korleis hadde det seg at den norske hovudstaden fekk ein Heim for landsungdom?

Mellom 1890 og 1930 var det

stor tilflytting til byen, og på den tida fekk me dei fleste innflyttarlaga i hovudstaden.

Det var sterkt kulturelt press på innflyttarane, djup sosial armod og svære bustadkøar. Det var naudsynt for innflyttarane å halda saman, både for å verna om eigen identitet og eiga sjølvkjensle, men òg for å arbeida for felles interesser.

Det voks fram mange innflyttarlag, og den første freistnaden på å få til ein samskipnad for bygdelaga gjorde BUL-formann Klaus Sletten i 1900, men det førde ikkje fram.

I 1922 sende 22 bygdelag ein søknad til Stortinget og bad om å få ein halv million kroner av pengelotterimidlane til å reisa ein heim for landsungdom i hovudstaden, men dei fekk ikkje eitt øre. Året etter vart Oslo Fylkeslag skipa med ni lag og meir



haden? Foto: Scanpix



Styreleiar Jon Låte og styremedlem Nils Seland i BLS er redde for at Olav Thons gåver kan kosta laget dyrt. Foto: Ottar Fyllingsnes

gen gjorde engelskmennene det same, og i 60-åra vart heimen leigd bort til elevar i Postverket.

I 1967 skifta Fylkeslaget namn til Bygdelagssamskipnaden (BLS) i Oslo.

Leiken har lenge vore det viktigaste kjenneteiknet ved Bygdelagssamskipnaden, men laga har drive både med dans, spel, teater, kor, studiarbeid og idrett. I 70-åra blømde aktiviteten i Nordahl Bruns gate, men dei seinaste åra har det gått nedover. Det har vorte mindre leik og dans og spel, og medlemstalet har gått sterkt attende – frå over 5000 etter krigen til 1300. I dag er det langt færre arrangement enn det var i glansdagane.

Tidlegare budde det landsungdom på hyblane i Nordahls Bruns gate, men no står det utanlandske namn på mange av postkassane.

LURER OSS IKKJE

I fjor haust vart det klart at styret i BLS ville selja bygarden til BUL ved Bøndenes Hus, men på eit møte gjekk leiaren for Hardinglaget, Einar Vestrheim, kraftig ut mot planane. Han tok kontakt med Olav Thon, som i desember la fram tre tilbod om å støtta BLS økonomisk. Vilkårer var at bygarden ikkje måtte seljast.

Sidan har Vestrheim fått støtte frå Hallinglaget, Barnelaget, Teleglaget og einskildpersonar i andre lag. Men det har ført til splitting i BLS.

– Me kan ikkje forstå kvifor styret i BUL på liv og død vil ha kontrollen med Nordahl Bruns gate, og helst eiga det, seier Vestrheim.

Men det høyrer med til saga at BUL er det største laget i BLS med sine om lag 700 medlemmer. Fleire av dei andre laga har ikkje meir enn tretti.

Den 17. februar vart det arrangert eit leiarmøte i BLS. Der var Olav Thon med, og han la fram nye tilbod. Der uttalte også styreleiaren i BLS, Jon Låte, at styret ikkje kom til å leggja fram tilboda frå Thon på årsmøtet i BLS. Styret vil berre leggja fram eitt alternativ på årsmøtet, og det er alternativet frå Bøndenes Hus.

Styreleiaren gjorde det dessutan klart at heile BLS-styret går av dersom årsmøtet seier nei til alternativet frå Bøndenes Hus.

Etter dette møtet har Thon søkt kontakt med laga som er

positive til framlegget hans, og den 21. februar fekk Heidi Grymyr i Barnelaget ein telefon frå Thon, der han tok på seg å sletta pantegjelda på om lag ti millionar kroner.

– Det går ikkje an å hevda at Thon vil lura bygarden frå oss, slår ho fast.

IKKJE I THON-LOMMA

Eit par dagar seinare var det eit nytt møte mellom Thon og opposisjonen, og Thon fortalde at han ville medverka til å starta ei ny tid for BLS. Han ville hindra sal og gjennom sine bidrag sikra eit bra resultat for BLS.

Thon viste til at han har gjeve støtte til Turistforeininga og fleire kommunar. Han ser på BLS som ein ny mottakar av støtte, og han meiner at det er ei viktig sak og eit viktig miljø å sikra i framtida.

– Thons framlegg kjem opp som årsmøtesak i BLS neste veke. Det hadde dei ikkje gjort viss me ikkje hadde engasjert oss. Det er tull å seia me har kome i lomma på Thon, seier Grymyr.

Og ho legg til:

– BUL og Bøndenes Hus vil ha bygarden opp på eit nivå som me ikkje treng. Dei vil byggja ut for at dei skal kunna tena maksimalt på garden. Dei nemner 100 millionar til bygging og rehabilitering og ni millionar i leigeinntekter i året. Kvar skal dei få 100 millionar frå? Thon meiner at bygarden då må belånast til pipa, og at me kan koma til å gå med tap.

BLS-styret vil omorganisera bygarden til eit aksjeselskap der BLS har minst 51 prosent av aksjane.

– Det er me skeptiske til, for eit aksjeselskap kan endra aksjemajoriteten. Thon seier ja til å betala fem millionar i leigeinntekter dei første fem åra. Så får me sjå kva som skjer etterpå. Viss me då vil selja, er det ikkje andre bindingar enn at me betalar tilbake dei ti millionar kronene som Olav Thon har betalt for å sletta gjelda vår – med 3,5 prosent rente. Økonomar seier at det ikkje er noko problem, etter-

som eigedomen kjem til å stiga i verdi, seier Grymyr.

Å PISSA I BUKSA

Styreleiar Jon Låte i BLS er ikkje samd i at det er så enkelt.

– Sel me bygarden etter femti år, har «gåva» med renter vakse og må betalast tilbake til Thon-gruppen med 50 millionar, seier han.

– I det kjende revisjonsfirmaet Pricewaterhouse Cooper har dei aldri høyrte om den typen lån – det vil seia gåve med klausul om rente på 3,5 prosent. Dei meiner at lånet bør forast inn i balansen

kvart år som langsiktig gjeld. Vert huset selt etter 25 år, må me leggja på bordet 24 millionar kroner.

– Revisjonsfirmaet meiner vidare at det er store sjansar for at det må skattast av dei fem millionar kronene som Thon lovar BLS i leigeinntekter. Thons framlegg kan om nokre år koma til å setja BLS i ei økonomisk knipe som

det kan verta vanskeleg å koma ut av. Å ta imot tilbodet frå Thon er som å pissa i buksa for å halda varmen, seier styreleiaren.

– Kan det ikkje tenkjast at Thon er ein idealist som vil det beste for dei små laga?

– Han seier det, men skriv me avtale med Thon, kjem me ikkje til å sjå han meir. Etter at BUL i Trondheim skreiv avtale med han for tjue år sidan, har dei ikkje sett snurten av han.

– Men der kjøpte Thon bygningen, han gjekk ikkje inn med støtte, har Heidi Grymyr påpeika ved fleire høve.

Låte viser til at Thon har teke på seg å kosta utbetring av skavankar på bygningen.

– Firmaet Bygg og Eiendomsrevisjon AS uttalar at det trengst 45 millionar kroner for å oppgradera bygningen til ein standard som gjer det lovleg å leiga han ut. Thon seier at han skal retta opp skavankar, men ikkje kva det er. Å retta på dei minste skavankane kjem i alle fall til å kosta fire millionar kroner, fortel Jon Låte.

enn to tusen medlemmer. Bondeungdomslaget stod sentralt saman med Hallinglaget, Hardinglaget og fleire andre.

I 1926 snudde Stortinget og sa ja til å løyva 250.000 kroner til ein Heim for landsungdom over to år. Fylkeslaget valde å kjøpa bygarden i Nordahl Bruns gate for 152.000 kroner. Tidlegare heldt Ragna Nielsens Latin- og Realskole til i bygarden, og ho var både skulestyrarar, kvinnesaks kvinne, riksmålskvinne og spiritist.

Kaffistova kom straks i drift, og ho gjekk godt. Dessutan hyste garden kontor og to møtesalar, og eit par år etter overtakinga stod Storsalen ferdig. For laga var det viktig å få egne møtesalar så ein kunne sleppa å leiga dyre lokale ute i byen. Heim for landsungdom kunne også ta imot hundre hybelbuarar, og søknaden var stor.

Det budde berre gutar på Heimen. Fylkeslaget søkte om pengar til ein jenteheim, men Stortinget sa nei.

Heilt frå den første tida vart salane i Nordahl Bruns gate leigde bort. På årsmøtet i 1934 kom det framlegg om å slutta å leiga ut salane til Nasjonal Samling, men framlegget fall. Fleirtalet meinte at ein måtte sjå på utleige av salane som rein forretning. I 1948 fekk eit kommunistisk ungdomslag leiga lokale, og det førte til demonstrasjonar og pipekonsertar utanfor.

På midten av 30-åra kom Valdreslaget med framlegg om at all moderne dans skulle vera forboden i Nordahl Bruns gate 22. Framlegget fall, men det vart gjort vedtak om at jazzmusikk skulle vera forbode i bygarden.

Under krigen flytta tyskarane inn i bygningen, etter kri-